

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	02.02.2023
<b>Vår referanse</b>	2022/97906-3
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Uttale - Førespurnad om vurdering av trafikkanalyse - Detaljreguleringsplan for Feste Kai- og næringsområde. PlanID 1263-201609

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 14.12.2022, med førespurnad om tilbakemelding til trafikkanalyse.

### Saka gjeld

På bakgrunn av ein klage på detaljreguleringsplan for Feste Kai- og næringsområde (planID 1263-201609), kor det kom fram manglande avklaringar knytt til den trafikale situasjonen i området, vart planen oppheva av Statsforvaltaren i Vestland 24.03.2021.

Tiltakshavar har no engasjert Multiconsult til å lage ein trafikkanalyse som skal svare ut spørsmål frå vegmynde og Statsforvaltaren. Vidare vil komplett revidert plan bli sendt ut på ei begrensa høyring.


### Tilbakemelding på trafikkanalysen

Kommunen har bede oss om ein vurdering av innhaldet i trafikkanalysen, og vurdere tiltaka Multiconsult foreslår for å betre den trafikale situasjonen i området. Vi har ikkje bede om noko trafikkanalyse, men vi meiner det er positivt at det er blitt utarbeida ein trafikkanalyse knytt til planen.


Vi meiner trafikkanalysen burde seie noko meir om trafikktryggleik i området rundt der vegen og parkeringsplassen møtast. Her er det mykje som skjer med rygging av køyretøy, båtkaiar og hus som ligg tett til vegen. Det vert heller ikkje vist eller forklart korleis reguleringsendringa vil føre til endring i trafikktalet.

Analysen bør også sei noko om trafikktryggleik for mjuke trafikantar og korleis dei skal bevege seg i området. Også under større arrangement og aktivitetar ved kaiområdet.

### Vurdering av tiltak i området



Figur 3-3 Forslag til skille offentlig og privat (felles) veg er vist med rød strek



Utsnitt frå trafikkanalysen til Multiconsult, og utsnitt frå fylkesatlas: mørk blå gbnr 70/44 er Vestland fylkeskommune sin eigedom, og lys blå eigedom gbnr 70/19 vert brukt som parkeringsplass i dag.

Det er vanskeleg å ta stilling til forslag til tiltak/endingar i området når vi ikkje har heile det nye planframlegget for området.

Eit forslag til tiltak frå Multiconsult er at den offentlege vegen stoppar ved raud strek i utsnittet over, som er markert like etter snuplassen for buss som ligg ved kaien.

Vi kan ikkje svare ut no om kor fylkesvegen bør ende og privat/felles veg bør byrje. Dersom det er aktuelt å gjere fylkesvegen kortare så må dette gjerast i ein eigen prosess, kor ein også ser på eigarskap rundt kaiområdet som ligg på Vestland fylkeskommune si grunn her.

Fylkesvegen er framleis registrert over eigedom 70/19, kor vi ser det er etablert parkeringsplassar. Denne har ikkje noko tydeleg inn og utkøyringsplass som gjer området uoversiktleg. Så dette er eit område som må gjerast meir oversiktleg.

Multiconsult viser til at dersom ein flytter skiljet mellom offentlig- og privat veg til ved snuplassen, og vegen forbi parkeringsplassen vert privat så vert det ikkje krav om avkøyrsløslø slik N100 definerer. Dersom dette vert ein framtidig situasjon vil vi likevel anbefale at det vert gjort tiltak for å rydde i situasjonen her og tydeleg definere skiljet mellom veg og parkeringsplass.

Vi vil komme med uttale når detaljreguleringsplanen kjem på ny høyring slik at vi kan sjå på planområdet i ein heilheit. Vi vil også sjå meir på eigarforhold og endring av skiljet mellom offentlig- og privat veg på staden.

Med helsing

**Mats Korneliussen**

leiar

INV – Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgivar

INV – Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*